Seljord kommune

Arkiv: L10
Saksnr.: 2012/701-102
Sakshand.: Frid Berge
Direkte tlf.: 35065152
Dato: 08.04.2016

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan, miljø og teknisk utval		20.04.2016
Kommunestyret		12.05.2016

Reguleringsendring for E134 Gvammen - Århus, parsell Århus. 2. gongs handsaming

Saksdokument:

Vedlegg:
1 Planomtale_07042016
2 Plankart_M2000_A1
3 Plankart_M1000_A2
4 Dok 15
5 Dok 16
6 Dok 17
7 Dok 18
8 Dok 19

Saksutgreiing:

Føremålet med planendringa er å få til ein mest mogeleg trafikksikker overgang mellom ny og eksisterande veg. For å få dette til er det nødvendig å gjere endringar innafor gjeldande plangrense, samt utvide planområdet noko sørover. Planforslaget gir heimel til å fjerne ei fjellskjering aust for dagens E 134.

Forslag til reguleringsendring E134 Gvammen - Århus, parsell Århus har vært på høyring og offentleg ettersyn jf. PBL§.12-10. Planforslaget låg ute til offentleg ettersyn i tidsrommet 09.02.16 til 29.03.16. Svv har motteke 5 innspel/merknader til planforslaget. Av offentlege mynde har Svv motteke merknader frå Telemark fylkeskommune, NVE, Fylkesmannen i Telemark og planavdelinga til Svv. Av privatpersonar har Tor Lønnestad som grunneigar av Lønnestad gard

gnr.56/ bnr.1-2 gjett uttale til endringa og utvidinga av planområdet. Desse er oppsummert og kommentert i planomtala på side 14 - 16. Rådmannen er semd i vurderingane Svv legg til grunn for sine kommentarar til innkomne merknader.

Det er gjort fylgjande forslag til endringar i plankartet etter vurdering av merknad frå Tor Lønnestad:
Gardsvegen inn til Lønnestad gard er korrigert i høve til det som er avtalt med grunneigar. Plankartet viser difor no vegen slik det den etter planen skal ligge når prosjektet er ferdigstilt.

Det er i merknader i samband med varsel om oppstart, samt i merknad til planforslaget, kome innspel om g/s veg frå Århus og ned til der g/s veg sluttar i Trongkleiv. Planforlaget visar ikkje framtidig g/s veg, og det er viktig å merke seg at planendringa aldri har hatt til føremål å heimle grunn for dette. Likevel er det tatt omsyn areal messig i planforslaget til framtidig g/s veg, og planen gir handlingsrom for både framtidig køyreveg og g/s veg. Planleggingsmidlar for utbetring av strekninga Århus - Vallar vil blir vurdert i NTP for perioden 2018 - 2029.

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Plan, miljø og teknisk utval fatte fylgjande vedtak:
Plan, miljø og teknisk utval tilrår at endring av detaljreguleringsplan for E134 Gvammen - Århus, parsell Århus vert vedtatt jfr. plan- og bygningslova §12-12.

Planen sendast til kommunestyret for endeleg godkjenning.

Utskrift til:
_TH Statens Vegvesen, Region Sør, Postbox 723 Stoa, 4808 ARENDAL